



Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
Røsslandsvegen 364  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/93 - 20/5482

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
31.01.2020

## Vi treng fleir opplysningar før vi kan behandla søknaden din - gbnr 323/168 Frekhaug

### Tiltak:

**Byggjestad:** Gbnr: 323/168  
**Tiltakshavar:** Anny Bastesen  
**Ansvarleg** Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS  
**søklar:**

Kommunen stadfestar å ha motteke søknad dykkar 16.12.2019. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka. Dette skuldast overgang til ny kommune.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og ber om at denne vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Teikningar av støttemur.  
Det bør leggjast ved lengdesnitt av mur og eventuelt typisk tverrsnitt.
- Oppdatert situasjonsplan der avstand mellom mur og nabogrense er påført.

Søknaden er oversend kommunen si eigedomsavdeling for behandling av søknaden om dispensasjon frå byggjegransa langs kommunal veg og vurdering av tiltaket i forhold til plassering av kommunale VA-leidningar. Vi kan ikkje behandla byggesøknaden før tiltaket er avklart i forhold til veglova og VA-norma.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **28.02.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er

kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Anny Bastesen	Frekhaugskogen 8	5918	FREKHAUG
Anny Bastesen	Frekhaugskogen 8	5918	FREKHAUG
Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS	Roslandsvegen 364	5918	FREKHAUG

### **Mottakarar:**

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS	Roslandsvegen 364	5918	FREKHAUG
--------------------------------------	-------------------	------	----------